



Harpefossen

Rundtur Grønelida

7 km

Tur nr. 12

www.harpefossen.no/turar



2 t

Variert og lett tur på både grusveg, sti og i terrenget. Du passerar gamle setremiljø, hyttefelt og grøne lider.

Stikryss

Harpefossen / Tippabrua – Harpefossen Hyttegrend – Naustdalsetra – Mørsvinnøverbakken – Ljosurbru – Bjørhovdesetra – Setreelva - Ljousrelva – Furuhogane – Harpefossen Hyttegrend – Harpefossen / Tippabrua

Turbeskriving

Frå parkeringsplassen ved Tippabrua på Harpefossen (Varmestova) går turen langs den Trondhjemske postveg forbi Naustdalsetra, Mørsvinnøverbakken (1,5 km), Ljosurbru til Bjørhovdesetra. Her tek ein til venstre i skiltkrysset og fylgjer setrevegen 250 meter fram til Setreelva kor ein tek til venstre. Her fylgjer ein skogbilvegen 550 meter vestover og nordover til endes. Løypa er derifrå merka i overkant av myrene slakt stigande oppover mot skiltkrysset ved Ljousrelva (1,0 km). I krysset fortsett ein rett fram over Ljousrelva og deretter Kjenndalselva før ein er framme ved servicebygget for Kjenndalsheisen på Furuhogane (250 m). Herifrå går turen ned att gjennom hyttefeltet før ein er tilbake ved utgangspunktet på Harpefossen / Tippabrua (3 km). Ein alternativ trase frå Furuhogane og ned er å fylge Høgebakkloypa i overkant av hyttefeltet (2 km).

Turen passer for alle som klarer å ferdes i terrenget og krysse mindre elver.

